

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 6/2017

- Kunnskap for framtida.

Ny direktør ved Høgskulen i Volda

Høgskulestyret har i styremøte 15. juni 2017 fatta vedtak om å tilby Karen Lomeland Jacobsen (40) stillinga som høgskuledirektør. Jacobsen bur i Volda og arbeider no i HELFO. Ho har tidlegare hatt ei rekkje leiarstillingar i bank og forsikring. Noverande direktør Jacob Kjøde jr. har vore direktør sidan 2001. Økonomidirektør Ingunn Welle fungere vil fungere som direktør frå 1. august 2017 og fram til ny direktør er på plass.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5877&module=news>

Vellukka konferanse om spesialpedagogikk

Det fleirårige SPEED-prosjektet nærmar seg slutten og det vart markert med ein svært vellukka fagleg konferanse i Volda tysdag 13. mai. SPEED-prosjektet (The Function of Special Education) har vore eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Høgskolen i Hedmark (Innlandet) og med Peder Haug som prosjektleiar.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5875&module=news>

Nye vindauge i gammalt hus

Henrik Kaarstad-huset vart bygd i 1922 og fasaden er verna. Innvendig er huset kraftig oppgradert. No har huseigar Statsbygg funne midlar til ei svært velkomen oppgradering av vindauga i huset. Heile 79 vindauge skal skiftast ut. Dette er vindauge som vart skifta i 1982. Når arbeidet er fullført hausten 2017 blir standarden heva endå eit hakk for studentar, tilsette og andre som er innom huset. Det blir også eit betre hus i høve til miljø og energibruk. Men fasaden blir altså uendra. Neste prosjekt blir kanskje utvendig lyssetting av huset.

Høgskulen i Volda først ute med sikker digital post

Høgskulen i Volda har no lagt til rette for at studentar, tilsette og andre kan sende brev inn til Høgskulen med sikker digital post (Digipost). Høgskulen i Volda er den første statlege høgskulen eller universitet som har lagt til rette for at studentar, tilsette og andre kan sende brev inn til høgskulen med sikker digital post (Digipost). Det betyr at studentar og tilsette som vil sende sensitive dokument som politiattestar og legeattestar no kan bruke Digipost i staden for vanleg e-post. Om du vil sende brev til Høgskulen i Volda via Digipost så finn du oss ved å skrive inn «Høgskulen i Volda» eller vårt organisasjonsnummer i mottakarfeltet inne i Digipost.

Midlar til digital utvikling (Pilot-midlar)

Høgskuleleiinga har tildelt midlar til desse fire prosjekta: E-læring i idrett/kroppsøving (AKF), Vidareutvikling av nettstudium i RLE (AHL), Teknologistøtta læringsdesign i teater (AKF) og E-læring i PPU (AHL). Alle desse søknadene har fått kr 75.000.

Nytt frå personalkontoret

Per Henning Uppstad, Endre Brunstad og Ion Drew har vorte tilsett som professor II ved Høgskulen i Volda. Rebekka Havnegjerde Maude og Anita Dyb Linge har vorte tilsett som stipendiatar. Knut-Willy Sæther har fått opprykk til professor. Bente Vatne har fått fast stilling som dosent. Idar Flo har fått opprykk til førsteamanuensis. Inger Strand har fått fast stilling som høgskulelærer. Randi Lyngbø Ottesen har fått fast stilling som høgskulelektor. Ragnhild Paulsen Hamre har fått fast stilling som kontorsjef ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Veronica Kvalen Pilskog har fått fast stilling som rådgjevar ved Kontor for samfunnskontakt. Niels Jørgen Andreasen har vorte tilsett som prosjektleiar. Alexander Rande har vorte tilsett som rådgjevar i studieadministrasjonen.